

Vilkår og retningslinjer for publisering på plattformen «University of Stavanger: Open Journals»

I samarbeid med IT driftar Universitetsbiblioteket plattformen «University of Stavanger: Open Journals», for open publisering og arkivering av vitenskaplege tidsskrift. Universitetsbiblioteket tilbyr opplæring og brukarstøtte til redaksjonar/fagmiljø. Redaksjonen for eit tidsskrift har ansvar for å ha nødvendig kompetanse til å bruke plattformen.

Følgjande vilkår og retningslinjer gjeld for publisering på «University of Stavanger: Open Journals»:

1. Tidsskrift skal ha ISSN. Artiklar i tidsskrift skal ha DOI. Det er ønskjeleg, men ikkje eit absolutt krav, at alle forfattarar har ORCID-id.

2. Alle tidsskrift skal vere opent tilgjengelege:

- diamant open access utan abonnement, publiseringsavgift eller embargo
- tilgang utan sperrer i form av passord/brukarnamn eller IP-adresse
- det er ønskjeleg at tilhøyrande forskingsdata vert gjort tilgjengelege saman med artiklane, der det er aktuelt.

3. Oppretting av nye tidsskrift skal vere fagleg/vitenskapleg grunngjeve, og godkjent av fagmiljøet/instituttleiinga. Tidsskrift skal ha tilknytning til UiS ved at redaktør, ein eller fleire av redaksjonsmedlemmene og/eller administrativt personale er tilsette på UiS. Eit nytt tidsskrift skal ikkje tematisk/fagleg duplisere eit allerede eksisterande tidsskrift.

4. Alle tidsskrift skal ha rutinar for fagfelle vurdering, og minst tilfredsstillende krav for vitenskapleg publisering på nivå 1 i [Kanalregisteret](#). Nye tidsskrift skal ha som målsetting å kvalifisere for dette så snart som mogleg.

Utgjevar av tidsskriftet skal følgje [COPE](#) (Committee on Publishing Ethics) sine retningslinjer. Tidsskrift som ikkje tilfredsstillar krava fra COPE vil bli vurderte særskilt.

5. Tidsskriftet skal ha ein realistisk utgjevingspolitikk, og årleg gi ut minst fem fagfelle vurderte bidrag. Dette er i tråd med krava til Directory of Open Access Journals (DOAJ). Dette kravet gjeld kun for tidsskrift, ikkje skriftseriar.

6. Tidsskrift skal publiseraast med ein Creative Commons-lisens. Lisensen skal godkjennast av alle forfattarar, og må vere synleg på kvar enkelt artikkel. Universitetsbiblioteket tilrår lisensen CC-BY, men redaksjonen kan og velje CC BY-SA eller CC BY-NC dersom dette er meir formålstenleg.7. Universitetsbiblioteket ved Bibliotekdirektøren har overordna ansvar for å godkjenne nye tidsskrift på plattformen.

8. Redaktør og redaksjonsmedlemmer må vere namngjevne ved oppretting av eit nytt tidsskrift på plattformen. 'Einmannstidsskrift' blir ikkje aksepterte.

9. Forfattar skal behalde opphavsretten til innhaldet, men gir tidsskriftet rett til å vere første utgjevar. Etter publisering står forfattarane fritt til å leggje den publiserte versjonen ut på eiga nettside og i institusjonelt vitenarkiv e.l., så sant tidsskriftet blir kreditert som utgjevar.

10. I tilfelle der aktiviteten til ein brukar er til fare for datatryggleiken kan Universitetsbiblioteket suspendere brukaren sin tilgang til plattformen.

11. Universitetsbiblioteket kan fjerne eit tidsskrift frå plattformen dersom retningslinjene ikkje blir følgd, etter at det først har blitt gitt ei åtvaring.